
Saksnr: 2021/48328-1
Saksbehandlar Tone Stedal Haugland
Dato: 20.09.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering

Fylkeskulturkonferansen 2021: Felles rom? Rom for kultur

Vestland fylkeskommune kan no ønskje velkomen til fylkeskulturkonferanse på Scandic Sunnfjord hotell i Førde torsdag 18. november frå kl. 10.00 til 16.30.

Årets tittel er *Felles rom? Rom for kultur*. Det er lagt ut program og opna for påmelding på :
<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturkonferansen/>

Det har vore arrangert liknande konferansar i begge dei tidlegare fylka gjennom mange år, og felles for Vestland dei to siste åra. I fjor var konferansen heildigital, i år vert det ein fysisk konferanse, med høve til å leggje ut delar av konferansen på nett i ettertid.

Ei arbeidsgruppe og eit arbeidsutval sett ned av representantar frå dei ulike seksjonane i avdeling for kultur, idrett og inkludering har jobba med programmet og planlegging elles av konferansen. Det har også vore to møter med ei referansegruppe med representantar frå ulike organisasjonar, institusjonar og Sunnfjord kommune som har kome med innspel til programmet og konferansen ellers.

Det er eit mål at konferansen skal vere relevant for heile kultur og idrettsfeltet. Konferansen er ein møtestad for kultur- og idrettslivet i fylket, og særleg for dei som jobbar med feltet i kommunane. Konferansen skal tematisere, gje ulike vinklar og gje høve til samtaler om dei felles romma våre - romma for kultur. Korleis kan vi skape opne, offentlege rom - både fysisk og mentalt? Korleis bygge og legge til rette for stader som gir gode rom til å oppleve, delta, dele, yte og nyte? Kva type arenaer bidreg til mangfald og vert opplevd som relevante for alle innbyggjarane?

Onsdag 17. november er det lagt opp til eit uformelt sosialt og kulturelt program frå kl. 20.00 for dei som ønskjer.